

KRAV TIL AVLØPSHANDTERING I OSA

Krava er knytt opp til sonekartet i målestokk 1:5000 datert 13.04.05 og gjeld for område som er vist med sonegrense.

1. VIRKEOMRÅDE OG FØREMÅL

- Vedlegg 3 gjeld for søknader om handtering av avløpsvatn frå nye heilårs-, fritidsbustader og verksemder som vert etablert i området vist på sonekartet. Handsaming av søknader om utsleppsløyve skal ta omsyn til at delar av området er regulert til grunnvassanlegg og sikringssoner.
- Vedlegg 3 gjev føringar for arbeid med sanering av eksisterande avløpsløyvingar.

2. DEFINISJONAR

- Med avløp er meint avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.
- Med separat avløpsanlegg er meint utstyr for oppsamling, transport, reinsing og utslepp til resipient, som er meint å handsame avløpsvatn frå inntil 50 pe.

3. SONER MED KRAV OM UTSLEPP TIL MINDRE FØLSAM RESIPIENT

Det skal ikkje godkjennast nye kloakkutslepp i område som har direkte tilrenning til grunnvassanlegg og sikringssoner. Dette gjeld bygg i sone 1, 2 og 3 vist på sonekartet.

I disse sonene skal det ikkje godkjennast nye separate avløpsanlegg. Heilårs-, fritidsbustader og verksemder må knytast til tett leidning med utslepp til Osafjorden etter mekanisk reinsing i slamavskiljar.

4. SONER MED FRAMTIDIG KRAV OM UTSLEPP TIL MINDRE FØLSAM RESIPIENT

Det skal ikkje godkjennast nye kloakkutslepp i område som vil få direkte tilrenning til grunnvassanlegg og sikringssoner. Bygg i sone 4 vist på sonekartet kan få løyve til slamavskiljar og jordreinseanlegg, men med krav om tilknytning av utslepp til tett leidning om denne vert etablert.

Heilårs-, fritidsbustader og verksemder må knytast til framtidig tett leidning med utslepp til Osafjorden etter mekanisk reinsing i slamavskiljar.

5. SONER MED KRAV OM SLAMAVSKILJAR OG HANDSAMING AV UTSLEPP I JORDREINSEANLEGG

Heilårs-, fritidsbustader og verksemder i område der avstanden til grunnvatnet vert vurdert som tilstrekkeleg stor og der området ikkje har direkte avrenning til sikringssonene, kan få løyve til slamavskiljar og jordreinseanlegg. Jordreinseanlegget skal vedlikehaldast slik at det til ei kvar tid tilfredsstiller krav til reinseffekt. Dette gjeld bygg i sone 5.

6. SLAMAVSKILJAR OG UTSLEPP TIL SJØ

Heilårs-, fritidsbustader og verksemder i område som ikkje har innverknad på grunnvassforekomsten i Osa skal etablere slamavskiljar med utslepp til minimum 10 m djupne i Osafjorden. Dette gjeld bygg i sone 6 og 7.